

---

**Fra:** Marianne Aadland Sandvik  
**Sendt:** 9. juni 2016 11:02  
**Til:** 'Torill.Eidsheim@stortinget.no'  
**Emne:** Vedr. spørsmål om oppføring av levegg

Hei

Viser til spørsmål om oppføring av levegg på gbnr. 23/543.

Det følger av plan- og bygningslova (pbl) § 20-5 første ledd bokstav e) at «mindre tiltak utendørs» kan førast opp utan søknad og løyve, dersom tiltaka er i samsvar med plan. Ein levegg kan vere eit slikt mindre tiltak, og vi kan ikkje sjå at reguleringsplanen for Løypetona stengjer for oppføring. Slik vi forstår deg ønskjer du å plassere leveggen i nabogrensa. Då må byggjesaksforskrifta (SAK 10) § 4-1 første ledd bokstav d) nr. 2 leggjast til grunn. I følgje den er ein levegg med høgd inntil 1,8 meter og lengde inntil 5 meter unnateke frå søknadsplikt, og kan plasserast inntil nabogrense.

Grensa på 1,8 meters høgd er absolutt. Dette inneber at ein ikkje skal leggje til grunn ei gjennomsnittsberekning. Leveggen kan dermed ikkje vere frå 1,6 – 2 meter høg, slik du skriv, viss den skal vere unnateke etter reglane ovanfor. Viss du ønsker ein levegg på 1,6 – 2 meter høg, plassert i nabogrensa, må du søkje kommunen om tiltaket, jf. pbl § 20-4 første ledd bokstav a). I søknaden må det leggjast med erklæring frå nabo om samtykke til plassering i nabogrensa, alternativt må det søkjast om dispensasjon for plassering nærare nabogrensa enn fire meter, jf. pbl § 29-4 andre ledd, jf. § 19-2 første og andre ledd.

Håper dette var avklarande. Viss ikkje må du gjerne ta kontakt att.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)

